

Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjelm, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 17/8973-1

Skriv og melding 29. november 2017 - fylkesrådet for eldre

Tilråding til vedtak:

1. Fylkesrådet for eldre tek skriv og meldingar til vitande
2. Fylkesrådet for eldre sine uttalar og kommentarar til kvart einskild skriv og melding, vert lagt under kvar meldesak

Vedlegg:

Brev frå tenesteleiar i Gaular
Høyringsuttale til handlingsplan for trafikktrygging
Orientering frå Helse- og omsorgsdepartementet om aldersgrense for kreftbehandling
Rutetilbodet 2018
Retningslinjer for serviceskyssen i Sogn og Fjordane
Retningslinjer for TT- ordninga i Sogn og Fjordane

Meldesak 1) Brev frå tenesteleiar for Gaular bygde- og sjukeheim om den offentlege tannhelsetenesta

Tenesteleiar for Gaular bygde- og sjukeheim har sendt inn bekymringsmelding til eldrerådet i Gaular, om tannhelsetenesta for mottakarar av helse- og omsorgsteneste. Sjå vedlegg for detaljar i brevet.

Meldesak 2) Eldrerådsdagen 1. oktober i Askvoll

Harald møtte i Askvoll denne dagen, og orienterer om tema som var oppe.

Meldesak 3) Høyringsuttale frå fylkesrådet til handlingsplan for trafikktrygging

Fylkesrådet for eldre har sendt inn høyringsuttale til dokumentet handlingsplan for trafikktrygging 2018 – 2021. Sjå vedlegg for detaljar i høyringsuttalen.

Meldesak 4) Orientering frå Helse – og omsorgsdepartementet om aldersgrense for kreftbehandling

Departementet informerer om at det generelt ikkje er noko aldersgrense for kreftbehandling. Behandlinga skal vere basert på ei individuell vurdering i kvart enkelt tilfelle og fastsettast i dialog med pasienten. Sjå vedlegg for meir informasjon.

Meldesak 5) Rutekjøp og rutetilbod 2018

Hovudutval for samferdsle vedtok i møte 24. oktober rutetilbod for 2018. Rutekjøpssaka omhandla mellom anna:

- Innspel frå kommunar og andre interesserte
- Administrative endringar
- Vidareutvikling av kollektivtilbodet
- Takst for ferje, båt og buss i 2018

For å få ei fullstendig oversikt over saka kan de gå inn på Sogn og Fjordane fylkeskommune sine nettsider og lese saka. Saksprotokollen finn de som vedlegg i dette saksframlegget.

Meldesak 6) Retningslinjer for serviceskyss og TT-ordninga i Sogn og Fjordane

Hovudutval for samferdsle vedtok i møte 24. oktober 2017 nye retningslinjer for både serviceskyssen i Sogn og Fjordane, og TT - ordninga i Sogn og Fjordane. Dei nye retningslinjene er gjeldande frå 1. januar 2018.

I løpet av veke 49 og 50 skal samferdsleavdelinga ha møte med dei tilsette i kommunane som jobbar med desse to ordningane, for å informere og få til eit tettare samarbeid med kommunane om ordningane.

Oppdaterte retningslinjer for serviceskyss og TT - ordninga finn de som vedlegg i dette saksframlegget

Meldesak 7) Vestlandskonferansen 7. – 8. mai 2017

Rogaland har meldt inn fylgjande tema til konferansen:

- Saker til landskonferansen
- Organisering av samarbeidet på Vestlandet i framtida
- Høyringa av eldrelova (forskrift om råd for eldre, unge, funksjonshemma)

Meldesak 8) Ymse